

UTTALE – FORSLAG TIL FORSKRIFT OM SÆRSKILDE KRAV TIL AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I HARDANGERFJORDEN

Vi viser til høring av forslag til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden. Mattilsynet vil med dette gi innspill til høringa.

Mattilsynets region Hordaland og Sogn og Fjordane (region HSF) er den region i Mattilsynet som geografisk dekker Hardangefjorden. Regionen har delteke i det arbeidet som ligg forut for arbeidet med utkastet til forskriften som her er på høring. Regionen har gitt innspel til høringa, og vi har vald å legge ved heile innspelet.

Generelt :

I etterkant av arbeidet som gjekk føre utkastet til forskriften som her er på høring, er det iverksett ny forskrift om bekjemping av lus i akvakulturanlegg av 2009-08-18 nr. 1095 (luseforskrifta). Bekjemping av lus vil kunne regulerast i lokal forskrift med heimel i luseforskrifta. Dette er det tankar om vil vere aktuelt og naudsynt i for aktuelle område i Hardangerfjorden. Vi viser til det som skisserast i vedlegget. Fastsetting av slik forskrift vil ligge sentralt i Mattilsynet.

Det ein vil peike på er at det er eit spørsmål om tiltaka som er skissert i forskriftsutkastet som her er på høring, er tilstrekkelege til å fylle det formålet ein ynskjer med forskrifta, og slik verke saman med luseforskrifta. Region HSF har kommentert dette i vedlegget.

Geografisk virkeområde

Ift høyringsbrevets pkt. 3.1, bør Langenuen omfattast, sjå vedlegg.

Avgrensing av produksjon

Her har og region HSF spelt innsynspunkt, og vi viser til desse. Når det gjeld synspunkt på MTB ift andre måtar å regulere produksjonen på, er dette ikkje ein del av høringa her. Vi vel likevel å ta synspunktet på regulering på individnivå med, då vi ser det som eit viktig innspel i den generelle pågåande debatt. MTB var ein god løysing då den vart innført. I ettertid har vi sett at innføring av MTB saman med oppheving av "forbod" mot å flytte sjøsett fisk har ført til smittemessig uheldige tilpassingar gjennom store utsett og meir flytting av fisken seinare i produksjonsperioden for å utnytte MTB kapasiteten på den enkelte lokalitet. Regulering på individnivå vil motverke dette.

Brønnbåtar og flytting av fisk

Ift det som står i vedlagte innspill pkt 3.4 vil vi trekke fram forslaget til alternativ ordlyd for § 8.

Ikrafttreding og oppheving av forskrifta

Ift pkt 3.5 vil ein og kunne nytte kunnskap frå OK programmet for lus i regi av Mattilsynet.

Med helsing

Ole Fjetland
assisterande tilsynsdirektør

Vedlegg: Høyringsinnspel frå region HSF